

Tvetta i lammets blod

BOKMELDING

Av Ivar Telgum

Som tiåring kjende eg to jenter. Den eine var pen og kjedeleg, den andre hadde ein leik som alltid toppa seg i eit val – vil du hengast, brennast eller halshoggast. Rønnaug Kleiva si siste bok har tittelen «I ovnen er lammet.»

Ein kan kalle det symbolisme eller provoserande overdrivingar når lesaren i teksta «Tistlar» møter ein jenteflokk som har til oppgåve å skjera bort denne stikkande ugrasplanta med lilla blom. Under arbeidet får ei av jentene kutta av seg båe føtene. Dei andre gjer så godt dei kan med å vaske bort blodet og laga ein skugge for henne til dei sjølve har fullført trølearbeidet med tistlane.

Elskov og drap

Kvinner blir drepne og kvinner elsker og drep. Måltid med frukt og kjøt og sausar og vin og sæd og blod er ingrediensar i diktaren si bitre vellyst. Til stades er ein mann, ein kvarmann, ein valds- mann, ein mann til å forlyste seg med, til å begjære, til å sakne til døde med holdet og hugen. Feministar sin uvilje mot Tor Jonssonske Maria- draumar kjem fram i diktet «Infrastruktur» der mannen er like utilgjengelig enten han ringjer frå langt borte eller frå nær. Rønnaug Kleiva si diktande kvinne triv dernest

sjølv til telefonen og spør om ho skuldar noko for bårebukettar.

Bak slike bilde av saknad, sensualitet og vald viser diktaren ein mytisk-religiøs kontur. Sigerrikt smattar ho på moreller medan ho grip ein stokk som støttar eit tre og drep ørmen med han. Ei tekst full av safter og sjalusi har den talande tittelen «Og han gav dei å ete.»

Lammet

Og så var det lammet. Sigmund Skard har ei mykje omtykt gjendikting av eit minnedikt om William Booth, grunnleggjaren av frelsesarméen, der det manande omkvedet lyder som eit spørsmål: «Er du tvetta i lammets blod?» Rønnaug Kleiva sitt titteldikt «I ovnen er lammet» kombinerer kvinnehaldningar og forventning om eit måltid med alt som måltidet inneber av livsnyting, sensualitet, og fellesskap av sosialt og rituelt slag. Den siste lina lyder slik: «i ovnen er lammet, seier kvinna, det kan bli brent.»

I Arne Høst sine teikningar like mykje som i Rønnaug Kleiva sine tekster dampar kjøtet og blodet. Stundom vil puritanaren i meg reise seg frå måltidet og gå, men den vegetative delen held att. Og eg blir!

NY BOK

Rønnaug Kleiva

I ovnen er lammet, dikt
CAPPELEN 1995